

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2018/2825-1

**Saksbehandlar**

Francesca Galdiolo

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2018/69	Formannskapet	11.10.2018
2018/76	Kommunestyret	25.10.2018

## **Forskrift for bruk av fiskefonda i Kvinnherad kommune - "Staffivatnet", "Blåfalli" og "Opstveit- og Midtbotnvatn".**

### **Innstilling frå rådmannen:**

1. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Staffivatnet»
2. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Blåfalli»
3. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Opstveit- og Midtbotnvatn»

### **Behandling i Formannskapet den 11.10.2018**

Rådmannen si innstilling var samrøystes.

### **Innstilling frå Formannskapet den 11.10.2018**

1. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Staffivatnet»
2. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Blåfalli»
3. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Opstveit- og Midtbotnvatn»

## **Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018**

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018**

- 1. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Staffivatnet»**
- 2. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Blåfalli»**
- 3. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Opstveit- og Midtbotnvatn»**

### **Saksutgreiing:**

Formannskapet hadde sak om fiskefond i Kvinnherad oppe hausten 2017. Saka vart sendt tilbake til administrasjonen då det kom merknader og vart vist til at det er tre ulike fiskefond i kommunen med forskjellig bruksområder og ulike summer som vert betalt inn kvart år.

Det vart derfor laga ny sak på kvart av fiskefonda og formannskapet hadde sakene føre i møte 7.2.18 som sak 2018/5, 2018/7 og 2018/2.

Forslaga til forskrift vart deretter lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det er ikkje kome merknader til forskriftene.

### **Staffivatnet**

I konsesjon for Staffi av 1.mars 2003 står det i punkt V:

«Konsesjonær skal hvert år betale kr. 10.000.- til hver av kommunene Etne og Kvinnherad.

Beløpet skal anvendes til ett fond for opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv i det området som berøres av utbyggingen foretatt i medhold av denne tillatelsen. Beløpet skal indeksreguleres med 10 års mellomrom. Beløpet skal nyttas etter nærmere bestemmelser av kommunestyrene.»

### **Forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune Staffivatn**

#### **§ 1**

Midlane skal brukast til opphjelp av fisk i ferskvatn og elvar, vilt og friluftsliv i Kvinnherad kommune i det området som vert berørt av utbygginga etter dette løyvet og nyttast til konkrete tiltak som fremjar føremåla.

#### **§ 2**

Midlane blir forvalta av Kvinnherad formannskap. Løyvingar skal ikkje kome i konflikt med lov om laksefisk og innlandsfisk eller lov om Naturmangfald.

#### **§ 3**

Kommunal fiskeforvaltning skal i samband med det årlege budsjettarbeidet utarbeide forslag til bruk av midlane. Under dette arbeidet skal fiskeforvaltninga i nødvendig utstrekning ta kontakt

med samarbeidspartnarar innan fiskeforvaltninga i kommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Det vert sett to fristar kvart år for å søkje fiskefondet om midlar, 1.mars og 1.oktober. Søknadane skal deretter behandlast i formannskapet innan to månader. Midlane skal lysast ut.

#### § 4

Midlar som ikkje vert brukt ,vert lagd til fondet og delt ut seinare.

#### §5

Det er ingen hovudstol i fondet, det kjem inn midlar kvart år der alt kan delast ut.

### **Blåfalli**

I konsesjon for Blåfalli står det i punkt V:

«Fra og med det år konsesjon er gitt, plikter konsesjonæren å innbetale et årlig beløp på kr 25 000 til Kvinnherad kommune til opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv. Beløpet skal justeres etter de tidsintervaller som loven til enhver tid bestemmer. Beløpet til fisk/vilt skal nyttas etter nærmere bestemmelse av kommunestyret. Med hensyn til tiltak som kommer friluftslivet til gode, skal beløpet nyttas etter nærmere bestemmelse gitt av DN.»

### **Forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune Blåfalli**

#### § 1

Midlane skal brukast til opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv Kvinnherad kommune

#### § 2

Midlane blir forvalta av Kvinnherad formannskap. Løyvingar skal ikkje kome i konflikt med lov om laksefisk og innlandsfisk eller lov om Naturmangfald.

#### § 3

Kommunal fiskeforvaltning skal i samband med det årlege budsjettarbeidet utarbeide forslag til bruk av midlane. Beløpet til fisk/vilt vert behandla av kommunestyret eller andre jamfør delegasjonsreglementet for Kvinnherad kommune.

Midlane som blir nytta til friluftsliv skal skje etter retningsliner frå DN.

Under dette arbeidet skal fiskeforvaltninga i nødvendig utstrekning ta kontakt med samarbeidspartnarar innan fiskeforvaltninga i kommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Det vert sett to fristar kvart år for å søkje fiskefondet om midlar, 1.mars og 1.oktober. Søknadane skal deretter behandlast i formannskapet innan to månader. Midlane skal lysast ut.

#### § 4

Midlar som ikkje vert brukt vert lagd til fondet og delt ut seinare.

#### §5

Det er ingen hovudstol i fondet, det kjem inn midlar kvart år der alt kan delast ut.

### **Opstveit-og Midtbotnvatn**

I konsesjon for Opstveitvatnet står det i punkt V:

«Konsesjonæren skal betale et årlig beløp på kr 10 000 til Kvinnherad kommune, som skal brukes etter kommunens nærmere bestemmelser til opphjelp av fisket i kommunen. Vedtekter for disponeringen av midlene skal godkjennes av Miljøverndepartementet eller den dette bemyndiger. Tilskuddet skal justeres etter de tidsintervaller som loven til enhver tid bestemmer.»

## **Forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune - Opstveit- og Midtbotnvatn**

### **§ 1**

Midlane skal brukast til opphjelp av fisket i Kvinnherad kommune

### **§ 2**

Midlane blir forvalta av Kvinnherad formannskap. Løyvingar skal ikkje kome i konflikt med lov om laksefisk og innlandsfisk eller lov om Naturmangfald.

### **§ 3**

Kommunal fiskeforvaltning skal i samband med det årlege budsjettarbeidet utarbeide forslag til bruk av midlane. Beløpet til fisk/vilt vert behandla av kommunestyret eller andre jamfør delegasjonsreglementet for Kvinnherad kommune.

Midlane som blir nytta til friluftsliv skal skje etter retningsliner frå DN.

Under dette arbeidet skal fiskeforvaltninga i nødvendig utstrekning ta kontakt med samarbeidspartnarar innan fiskeforvaltninga i kommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Det vert sett to fristar kvart år for å søkje fiskefondet om midlar, 1.mars og 1.oktober. Søknadane skal deretter behandlast i formannskapet innan to månader. Midlane skal lysast ut.

### **§ 4**

Midlar som ikkje vert brukt vert lagd til fondet og delt ut seinare.

### **§5**

Det er ingen hovudstol i fondet, det kjem inn midlar kvart år der alt kan delast ut.

Når saka er ferdig behandla vert: «Forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune Staffi», «Forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune Blåfalli» og «Forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune Opstveit- og Midtbotnvatn», sende til Norsk Lovtidene for registrering.